



SAMANDRAG AV

Program **VestMarin - Vestlandssamarbeidet -**

Marin satsing (akronym)

Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar (tittel)

[RUP ID: 763](#)



NØKKELDATA			
År start – slutt:	2007	Regional dekning:	Noreg
Status:	Oppstarta	Type prosess:	Program

ANSVAR OG LEIING

MÅL OG OPPDRAG

Hovudmål:

Vestlandet skal vere internasjonalt leiande på utvikling og kommersialisering av nye marine oppdrettsartar.

MÅLDEFINERING OG INDIKATORAR

Ved valet av internasjonalt leiande signaliserast ein ambisjon om ikkje berre å vere den leiande regionen i Noreg, men også å innta ei viktig rolle internasjonalt.

Ved å legge vekt på utvikling og kommersialisering signaliserast det ein ambisjon om at målet er forretningsmessig aktivitet for artane som har eit slikt potensial.

OVERORDNA MÅL OG FORVENTA EFFEKT

BAKGRUNN, UTFORDRINGAR OG FØRESETNADER

Samarbeidet starta opp i 2007 som eit samarbeide innan nye marine artar i oppdrett. Dette vart utvida til eit samarbeide innan marin næringsutvikling frå 2014, og skifta då namn frå Vestlandsprogrammet til VestMarin.

Vestlandsrådet utførte i 2004 ei analyse av status innan næringsutvikling av nye artar og offentlege verkemiddel. Denne bekrefta avgrensa tilgang til eigenkapital og at eksisterande virkemiddel ikkje var tilpassa behovet for desse næringsaktørane. I januar 2005 starta Vestlandsrådet arbeidet med å utvikle eit program for ei fylkesovergripande satsing på nye marine artar og forprosjektet til "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" sett i gong hausten 2005. Vestlandsrådet gjorde vedtak om oppstart av Vestlands-programmet for nye oppdrettsartar i desember 2006. Vedtaket omfatta korleis arbeidet med gjennomføringa av programmet skal organiserast og tiltak knyta til arbeidet med finansierings-ordningar. Tiltak knyta til tre andre hovudtema vart handsama av Vestlandsrådet i mars 2007. Under arbeidet med gjennomføringa av Vestlandsprogrammet vert det lagt vekt på å involvere næringa. Ein søker også å spesifisere dei politiske problemstillingane innan fagfeltet og aktivt innarbeide planar for det politiske arbeidet i handlingsplanen. Vestlandsprogrammet omfattar artane torsk, kveite, blåskjel, kamskjel, flatøsters, kråkebolle og hummar. Vestlandsprogrammet vil ha eit langsiktig tidsperspektiv over 10-12 år. Rullering av strategi og handlingsplanar finn stad jamleg.

STRATEGI

Satse systematisk på utvalte nye marine artar Utvikle betre, og ta i bruk eksisterande, finansieringsordningar Sikre oppbygging av kompetanse Stø opp under utvikling av effektive verktøy for arealplanlegging Gjennomføre eit effektivt påverknadsarbeid mot sentrale styresmaktar Tettare samarbeid med VRI Aktiv dialog med bedrifter og bedriftsnettverk innan nye marine artar Samhandling og samarbeid i virkemiddelapparatet Etablere internasjonal kontakflate Implementering av eksisterande kunnskap i bedriftene

AKTIVITETAR OG MILEPÆLAR

Programstruktur

Vestlandsprogrammet er ei felles, fylkesovergripande satsing på programnivå, og handlingsplanen og organiseringa av Vestlandsprogrammet skal gjenspeile dette.

Følgjande programområde er definert:

- I Rammebetingingar
 - Kapitaltilgang for bedrifter
 - Risikolån/risikoavlasting
 - Politisk påverknad
- II Næringsutvikling og FoU
 - FoU og kunnskapsbygging, samt tilrettelegging for næringsutvikling for dei prioriterte artane

METODAR OG VERKTY

SPEIELLE OMSYN OG KRITISKE SUKSESSFaktorAR

RESULTAT / PRIORITERINGAR

EVALUERINGAR

PUBLIKASJONAR, RAPPORTAR OG INFORMASJONSAKTIVITET

Gjennom arbeidet i Vestlandsprogrammet skal vi fokusere på aktivitetar som skal bistå næringa innan nye marine artar. Det vert gjort gjennom arbeide med dei fire programområda som er definert.

For kvar år vert det laga ein handlingsplan for hovedstrukturen i arbeidet.

ØKONOMI

ANNA DELTAKING

Programgruppa i VestMarin
Lena Søderholm Sogn og Fjordane fylkeskommune (leiar)
Arne Berge Rogaland fylkeskommune
Siri Hanson Hordaland fylkeskommune
Lisbeth Nervik Møre og Romsdal fylke

Sogn og Fjordane fylkeskommune har leiaransvaret for 2017.